



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
06/2022	Eldrerådet	PS	22.03.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE-033	18/772

KLART SPRÅK I VEDTAK - VEDTAKSMAL PRAKTISK BISTAND

Vedlegg:

Vedtaksmaal s. 1

Vedtaksmaal s. 2

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet - Sak 06/2022

ELD - Behandling:

Einingsleiar Helse og meistring orienterte i saka og svara på spørsmål.

Eldrerådet kom med følgjande innspel til teksten i vedtaket:

- Teksten er betre enn tidlegare og lettare å lesa.
- Bør ta vekk ordet "dagsenterplass" og endra dette avsnittet.
- Ønskjer å fjerna "inntil" der tal timar står i starten av vedtaket.
- Vurder kva telefonnummer som skal stå nedst på arket.
- Ta vekk namn på gruppeleiar og beholda tittel.

ELD - Tilråding/Vedtak:

Eldrerådet tek saka til orientering med dei innspel som kom under møtet.

Saksopplysningar:

Til liks med resten av kommunen tilstrebar helse og meistring å ha klart språk i tekst som vert lagt ut digitalt og i dokument som vert sendt til brukarar. Einingsleiar Sigrunn Stamnes Vik orienterte Eldrerådet i møte 28.05.2020 om arbeid med å gjennomgå vedtakstekst med tanke på klart språk. Det betyr at språk og formuleringar skal vera tydeleg og lettforståeleg slik at budskapet vert forstått. Samstundes må formkrav og krav om henvising til lovverk etterfølgjast. Eldrerådet vart på møtet 28.05.2020 spurt om dei kunne vera referansegruppe for arbeidet med gjennomgang av

vedtakstekst. Eldrerådet ønske å bidra til dette.

På møte 23.09.2020 (sak 14/2020) ga Eldrerådet innspel til språk og tekst i mal til vedtak om dagsenterplass.

Vedlagt til denne saka ligg vedtaksmal for vedtak om praktisk bistand, og Eldrerådet vert bedt om å gi innspel til denne.